

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Selskap: Helse Vest RHF  
Dato skriven: 21.01.2005  
Sakshandsamar: Terje Arne Krokvik  
Saka gjeld: **Inntektsfordeling 2005**

**Sak nr. 04/05 B**

**Styremøte 2.2. 2005**

---

## 1. Innleiing

Styret i Helse Vest behandla i møte den 15.12.04 sak 093/04 B foreløpig inntektsramme 2005 – Helse Vest RHF. Helse Vest har no mottatt bestilling 2005 frå eigaravdelinga og administrerande direktør vil her legge fram forslag om edelig inntektsramme 2005. Forslaget bygger på bestilling 2005 frå eigaravdelinga, sak 092/04 B modell for inntektsfordeling 2005 og sak 093/04 B foreløpig inntektsramme 2005 – Helse Vest RHF.

Saka er konsentrert rundt fordeling av inntektsramma til helseføretaka. Det blir vistt til eiga sak 06/05 B Budsjett for Helse Vest RHF 2005 vedrørande administrasjonen sitt budsjett.

## 2. Føresetnader

Ved tildeling av inntektsramme til helseføretaka er det lagt til grunn at ein ikkje deler ut meir midlar enn det som Helse Vest får frå staten. Det gjenstår framleis forhold som ein ikkje har tilstrekkeleg avklaringar rundt og som Helse Vest vil måtte komme tilbake til i samband med revidert budsjett. Dette gjeld mellom anna omlegging av polikliniske takstar kor tidpunktet no er forlenga til 1. september 2005. Det er uklart kva konsekvensar dette vil ha på tildelinga som er lagt inn i basisramma. Forholdet gjeld både eigne helseføretak og dei private ideelle.

I bestillinga er det lagt inn eit aktivitetsnivå som er om lag på same nivå som i 2004 justert for forbetra kodepraksis på 2 %. Den nasjonale DRG pris er satt til kr 30.325,-. I prisen er det innarbeida ei føresetnad om gjennomsnittleg indeksvekst på 2 %. Dersom DRG-indeks i ettertid avviker frå føresetnaden vil prisen kunne bli korrigert for den faktiske utviklinga. Helse Vest legg her til grunn dei same føresetnadar som ligg i bestillinga frå Helse og Omsorgsdepartementet.

DRG prisen for 2005 er dekomponert i følgjande element:

DRG pris 2004	29.454,-
+ Justering for lågare indeksvekst i 2003	460,-
+ Prisvekst	1.030,-
- Forventa indeksvekst på 2 %	619,-
DRG pris 2005	<u>30.325,-</u>

For 2005 er ISF graden auka frå 40 til 60 %. Ved omregning til 60 % ISF er det gjort eit trekk i basisramma frå staten kor føresetnaden er at den samla inntektsramma skal vere uforandra.

I samband med omrekning av basisramme i 2004 kor ISF grad blei redusert frå 60 til 40 % blei det av Helse og Omsorgsdepartementet (HOD) lagt inn kr 1,094 mrd i basisramma for å fange opp dei reduserte inntektene på ISF. I 2005 er det gjort eit trekk i basisramma som følgje av omlegging av ISF frå 40 til 60 % på kr 1,281 mrd. Det er i statsbudsjettet lagt inn ei føresetnad om tilnærma same aktivitetsnivå i 2005 som i 2004. Omrekningsbeløpet som er nytta av HOD for 2005 ligg 17 % over omrekningsbeløpet for 2004. Om ein trekk i frå pris og indeksvekst ligg beløpet likevel langt over det nivå som kan tilskrivast aktivitetsvekst.

Under sak 093/04 B foreløpig inntektsramme 2005 blei omrekninga frå 40 til 60 gjort med basis i helseføretaka og dei private ideelle si DRG produksjon justert for 2 % indeksvekst. Dette gav eit omrekningsbeløp på kr 1,177 mrd medan det i bestillardokumentet ligg inne eit uttrekk som er kr 103,8 mill høgare. Forholdet er påpeika overfor Helse og Omsorgsdepartementet i eige brev frå dei regionale helseføretaka. I dette budsjettframleggget er det føresett at omrekninga vil bli korrigert frå staten og det er derfor lagt inn ei auke i basisramma på kr 103,8 mill i forhold til det som ligg i bestillardokumentet. Helse Vest har føresett at denne korreksjon i basisramma vert gjort gjeldande. I den grad innspel i nemnde brev ikkje fører fram vil Helse Vest ha ei omstillingsutfordring som er om lag kr 103,8 mill høgare enn tidlegare føresett.

### 3. Inntektsramme 2005 frå stat

Helse Vest sitt resursgrunnlag kjem fram av bestillingsdokument 2005 frå Helse og omsorgsdepartementet. ISF inntekta er estimert med basis i siste prognosar frå helseføretaka og må sjåast på som ei overslagsløyving. I tillegg kjem det ISF inntekter knytt til pasientar tilhøyrande Helse Vest regionen som er behandla utafor regionen. Inntekta knytt til desse pasientane er innarbeida i gjestepasientbudsjettet og utgjer om lag kr 316 mill.

Inntektsgrunnlag frå staten som ligg til grunn for fordeling til helseføretaka er spesifisert i tabellen nedanfor:

	Kap. Post	Sak 093/04 Foreløpig inntektsramme	Bestilling HOD 2005	Avvik
Estimat på DRG produksjon eigne HF og Private ideelle		194129	194 129	
Nasjonal DRG pris		30325	30325	
ISF grad		0,6	60 %	
Estimert DRG inntekt eigne HF og private ideelle	732. 76	3 532 186	3 532 186	
Manglende omrekning ISF 40/60			103 802	103 802
Basisramme	732. 73	6 873 363	6 769 561	-103 802
Tillegg legeoppkjør (omgrupperingsproposisjon)		9 306	9 306	0
Prisjustering av psykiatrimidler lagt over i ramme	743. __	3 291	3 291	0
Sjukettransport	732. 70	200 300	200 300	0
Medisinske kompetansesentre	732. 78	232 100	232 100	0
Psykisk helsevern	743. 75	226 077	226 077	0
Tilskot til opprenningsinstitusjoner	732. 70	36 861	24 192	-12 669
Omlegging av arbeidsgiveravgift	733. 70	37 919	37 919	0
Utdanning av radiografer/genetisk veiledning	720. 01	750	750	0
Tilskot til psykososialt arbeid for flyktninger	743. 75	2943	2 950	7
<b>Sum inntekt frå staten</b>		<b>11 155 096</b>	<b>11 142 434</b>	<b>-12 662</b>
Usikkerhet i inntektsramma, jf. omrekning ISF			-103 802	-103 802
<b>Sum inntekt frå staten i medhald av bestillinga</b>		<b>11 155 096</b>	<b>11 038 632</b>	<b>-116 464</b>

#### 4. Budsjett 2005 – Inntektsramme helseføretaka

I møtet den 15/12-04 under sak 092/04 B Modell for inntektsfordeling i 2005 vart det mellom anna gjort følgjande vedtak som har innverknad på fordelinga av inntektsramma:

- ”Skjønnstilskotet blir auka for 2005 med 25 mill fordelt etter prinsippa for strukturtilskot”

Vedtaket er innarbeida i endeleg inntektsramma og tilskot til somatikk er justert tilsvarende ned. Dette gav følgjande inntektsfordeling innafor modell:

	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde
Revidert budsjett 2004	2 194 011	1 306 804	3 708 199	1 021 482
Utkast til fordeling 2005:				
Sum ISF + midlar fordelt etter kriterier	2 341 614	1 349 973	3 142 767	1 013 532
+ Skjønnstilskot (B1)		27 800	122 500	89 700
+ Høgspesialiserte funksjonar (B2)	21 000	0	482 000	0
+ Korreksjon for pasientstrøm somatikk (B3)	-25 982	-31 298	101 900	-44 620
<b>Differanse</b>	<b>142 621</b>	<b>39 671</b>	<b>140 968</b>	<b>37 130</b>
<b>Endring i %</b>	<b>6,50 %</b>	<b>3,04 %</b>	<b>3,80 %</b>	<b>3,63 %</b>

Administrerande direktør viser i denne samanheng til krav frå Helse Fonna knytte til inntektsfordeling 2005. Administrerande direktør ser det som vankeleg å opne opp denne saka utan og å gjennomgå andre innspel frå helseføretaka. Administrerande direktør vil derfor legge denne utfordinga fram for styret. Administrerande direktør vil understreke at det ikkje frå administrasjonen ligg føringar/øyremerking til grunn for pasientstraum tilskot, verken for somatikk eller psykiatri (Valen). Tilskotet er derfor netta og presentert samla i tabellen.

Styret ønskte og å få oversikt over dei økonomiske konsekvensane på HF-nivå dersom dei økonomiske føresetnadene for 2004 (utan endring i ISF) vart vidareført for 2005. Inntektsfordeling med basis i desse føresetnadane vil vere som følgjar:

	<b>Stavanger</b>	<b>Fonna</b>	<b>Bergen</b>	<b>Førde</b>
Revidert budsjett 2004	2 194 011	1 306 804	3 708 199	1 021 482
Utkast til fordeling 2005:				
Sum ISF + midlar fordelt etter kriterier	2 371 450	1 382 859	3 062 029	1 031 548
+ Skjønnstilskot (B1)		27 800	122 500	89 700
+ Høgspesialiserte funksjonar (B2)	21 000	0	482 000	0
+ Korreksjon for pasientstrøm somatikk (B3)	-38 973	-65 447	171 351	-66 931
<b>Differanse</b>	<b>159 466</b>	<b>38 408</b>	<b>129 681</b>	<b>32 835</b>
<b>Endring i %</b>	<b>7,27 %</b>	<b>2,94 %</b>	<b>3,50 %</b>	<b>3,21 %</b>

Modellen er lik den modell som er vedteken, men med 40 % ISF grad. Med 40 % ISF grad vert korreksjon for intern pasientstrøm set til 60 % slik at ISF for interne pasientar summerar seg til 100 %. Helse Bergen vil komme dårlegare ut med ei lågare ISF grad mens dei andre HF'a vil kome betre ut.

Helse Vest legg med basis i vedtak frå sak 092/04 B og dei føresetnadane som ligg i bestillardokument 2005 fram følgjande forslag til inntektsfordeling 2005 for helseføretaka:

<b>Inntektsfordeling 2005 - innanfor inntektsmodell</b>	<b>Helse Stavanger</b>	<b>Helse Fonna</b>	<b>Helse Bergen</b>	<b>Helse Førde</b>	<b>Helse Vest RHF</b>	<b>SUM</b>
Innsatsstyrt finansiering	937 698	496 269	1 466 153	395 032		3 295 151
Inntektsramme Helse Vest RHF					1 879 915	1 879 915
Basistilskot somatikk	730 530	413 903	813 128	318 911		2 276 472
Basistilskot psykiatri	482 508	326 109	608 463	218 095		1 635 175
Høgspesialiserte funksjoner	21 000	-	482 000	-		503 000
Korreksjon for pasientstrøm	-25 982	-31 298	101 900	-44 620		-
Skjønnstilskot	-	27 800	122 500	89 700		240 000
Tilskudd til avskriving	190 878	113 692	255 024	81 494		641 088
<b>SUM</b>	<b>2 336 632</b>	<b>1 346 475</b>	<b>3 849 168</b>	<b>1 058 612</b>	<b>1 879 915</b>	<b>10 470 801</b>
<b>Fordeling utanfor inntektsmodell:</b>						
<b>Tilskudd i basisrammen</b>						
Poliklinikk overført basisramme	47 487	20 546	59 771	26 213		154 016
Kreftplan	6 910	1 056	9 133	2 507		19 606
Kompensasjon for arbeidsgiveravgift	-	9 512	472	27 995		37 979
Kompenasjon for el-avgift	4 740	5 100	10 250	2 749		22 840
Førebels uttrekk ny IKT eining	-67 162	-30 931	-89 292	-22 827		-210 212
Tilskot for å dekke faktura frå IKT eining	67 162	30 931	89 292	22 827		210 212
<b>Særskilte tilskudd</b>						
"Mor og Barn" prosjekt	414					414
<b>Øremerket tilskudd</b>						
Opptrappingsplan psykiatri 2004	4 063	2 427	4 811	2 682		13 983
Opptrappingsplan psykiatri 2005	10 410	8 913	17 000	8 892		45 215
Tilskudd til utdanning	10 432	5 220	89 636	3 952		109 239
Kompetansesentre:						
Regionale kompetansesentre	1 710		2 068			3 778
Regionale komp.sentre- kreftplan			18 846			18 846
Nasjonale med. komp. Sentre			25 397			25 397
Syktransport	32 788	35 544	73 304	62 852		204 488
Tilstedevakt - beredskap Solabasen	3 600		2 950			3 600
Tilskudd til psykososialt arbeid flyktninger			4 446	808		2 950
Insulinpumper	2 534	1 494				9 282
<b>SUM tildelt inntektsramme 2005</b>	<b>2 461 719</b>	<b>1 436 287</b>	<b>4 167 251</b>	<b>1 197 261</b>	<b>1 879 915</b>	<b>11 142 434</b>

Helse Vest har ikkje lagt vilkår om bruk av tilskot til somatikk, psykiatri og avskriving. Ein syner til styringsdokument angående vekstføresetnaden i psykiatri i høve til somatikk og at inntektsfordelinga i HF'a følgje denne føresetnaden.

Endringane i endeleg inntektsfordeling jamført med foreløpig inntektsfordeling kan oppsummerast i følgjande tabell:

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Foreløpig inntektsfordeling	2 373 139	1 389 769	4 046 098	1 161 897	2 184 223	11 155 125
Endringar:						
Kompensasjon for el-avgift	4 740	5 100	10 250	2 749	-22 840	0
Tilskot for å dekke faktura frå IKT eininga	67 162	30 931	89 292	22 827	-210 212	0
Prisjustering av opptrapping psykiatri 2004	134	80	158	88		460
Opptrapping psykiatri 2005	10 410	8 913	17 000	8 892	-45 215	0
Opptrapping psykiatri prisomrekna 2 ganger					-5 658	-5 658
Tilstedevakt - beredskap Solabasen	3 600				-3 600	0
Korr. tilskot til psyk. arbeid for flyktninger			7			7
Insulinpumper	2 534	1 494	4 446	808	-9 282	0
Korreksjon sjuketransport					-170	-170
Helsenett - for lågt budsjettert					4 300	4 300
Etablering IKT - føresett budsjett i balanse					-8 500	-8 500
Oppreningsinstitusjonar - redusert tilskot fra staten					-12 699	-12 699
Helse Vest RHF - administrasjon					2 058	2 058
Teknisk korreksjon						1
Reserve for å fange opp usikkerheit					7 510	7 510
Endelgeg inntektsramme	2 461 719	1 436 287	4 167 251	1 197 261	1 879 915	11 142 434

(Redusjonen mellom foreløpig inntektsfordeling og endelig inntektsramme utgjer kr 12,691 mill og skuldast tildeling frå staten knytt til oppreningsinstitusjonar er redusert med kr 12,699 mill medan det ligg ei positiv korreksjon og kr 7 tusen i tilskot til psykososialt arbeid for flyktninger og ein teknisk korreksjon på kr 1 tusen. Dei andre postane er interne disponeringar i budsjettramma)

Følgjande postar som ligg i ramma utafor inntektsmodellen er ei vidareføring av 2004 nivået juster for prisvekst:

- Poliklinikk overført basisramme
- Kreftplan
- Kompensasjon for arbeidsgjevaravgift
- "Mor og barn" prosjekt
- Opptrappingsplan psykiatri 2004
- Kompetansesentra

#### Kompensasjon for el-avgift

Som følgje av endringar i el-avgifta frå og med 1. juli 2004 (jf st.prp. nr. 63 (2003-2004)) er det gitt ein kompenasjon i basisramma med kr 22,8 mill. Midlane er fordelt på helseføretaka basert på faktisk straumforbruk i 2004.

#### Førebels uttrekk ny IKT eining

Frå og med 1/1-2005 vil ny IKT eining Helse Vest IKT AS budsjettmessig bli lagt ut som eigen eining. Utrekket er gjort med basis i kostnadsprognose 2004 justert for innsparing samt auka kostnader på forsikring, husleige og overhead. Samla kostnadsoverslag er på kr 215,6 mill justert for prisvekst. Av dette utgjer kr 210,2 mill IKT kostnader i helseføretaka. Det kan bli gjort justeringar av uttrekket etter at IKT eininga og helseføretaka i samarbeid har fått kvalitetssikra talunderlaget.

Den praktiske handteringa av budsjettmidlane vil skje ved at det blir gjort eit uttrekk i helseføretaka si basisramme tilsvarande det kostnadsnivå ein skal kjøpe tenester i frå IKT eininga. Midlane vil samstundes bli gitt tilbake til helseføretaka for å betale rekningar frå Helse Vest IKT AS.

#### Opptrappingsplan psykiatri – nye midlar 2005

Det er pr. 2004 tildelt totalt kr 263,4 mill til opptrappingsplan psykiatri. Av desse midlane er kr 96,6 mill overført i basisramme og det står derfor att kr 166,8 mill til

vidareføring i 2005. Tiltaka fram til og med 2004 er justert for prisvekst. Det er lagt inn nye midlar i 2005 på kr 50,4 mill og den samla ramma frå staten utgjer følgjer:

Opptrappingsmidlar i fra 2004	263 396
Overført til basisrammen	-96 633
Grunnlag fra 2004	166 763
Prisjustering	5 665
Opptrapping fordelt etter gammal nøkkel	50 760
Korreksjon ny ordning	-402
Sum auke	56 023
Samla opptrappingsmidlar 2005	222 786

Styrking av opptrappinga i 2005 blir foreslått gjennomført med følgjande beløp i heile tusen kroner:

Foretak/institusjon	Beløp	Formål
Helse Førde HF	8892	Videre drift av ny ungdomspsykiatrisk avdeling
Helse Bergen HF	17000	Styrke barne- og ungdomspsykiatrien og de distriktspsykiatriske sentra
Voss DPS	1000	Ny overlekestilling avd. Bjørkeli
Hospitalet Betanien	2500	Nye fagstillingar barne- og ungdomspsykiatrien og voksenpsykiatri
Solli Nervesanatorium	550	Ny psykologstilling dagavdelinga
Helse Fonna HF	8913	Ny ungdomspsykiatrisk avd. Stord og poliklinikkstillingar til DPS'a
Helse Stavanger HF	10410	Styrking av barne- og ungdomspsykiatrien og dei distriktspsykiatriske sentra
Jæren DPS	1100	Ny fagstilling poliklinikk og utviklingsprosjekt ambulante team
SUM	50365	

### Sjukettransport

Finansiering av sjukettransport er frå 2005 endra slik at ytterlegare 25 % av utgiftene blir dekka av dei regionale helseføretak. Helse Vest har teke omsyn til denne endringa og fordelt ramma til helseføretaka med basis i kostnadsfordelinga i 2004.

### Tilstedevakt – beredskap Solabasen

Som eit ledd i oppfølging av redningshelikoptermeldinga blei det frå juni 2004 oppretta døgnkontinuerlig tilstedevakt ved redningshelikopterbasen på Sola. Det blir i den samanheng overført kr 3,6 mill frå Justis- og politidepartementet til Helse Vest for å dekke meirutgifter ved innføring av tilstedevakt for lege. Det er Helse Stavanger som administrerer ordninga og midlane vert derfor lagt inn i deira basisramme.

### Tilskot til psykososialt arbeid for flyktningar

Psykososialt team for flyktningar har ansvar for å byggje opp kompetanse i psykisk helsevern. I samarbeid med andre relevante miljø innanfor valds- og traumefeltet skal teamet medverke til fagutvikling, rettleiing og undervisning. Tilskotet er lagt inn i ramma til Helse Bergen som har ansvaret for ordninga.

### Insulinpumper

Helse Vest overtok pr 1. januar 2004 ansvaret for insulinpumper og insulininjektorar. Det blei i den samanheng sett av kr 9 mill i 2004, og desse midlane er vidareført med prisjustering. Midlane som er tildelt for 2005 er vidarefordelt på helseføretaka med basis i kostnadsfordelinga i 2004.

## 5. Budsjett 2005 – Helse Vest RHF

### **Disponering av inntektsramma i Helse Vest RHF**

- Kjøp av helsetenester innenfor "sørge for ansvaret"	1 345 648
- Tilskotsordningar	7 119
- Tilbakeholdte midlar	461 911
- Helse Vest morselskap	65 237
<b>SUM</b>	<b>1 879 915</b>

### **Kjøp av helsetenester innanfor ”sørge for ansvaret”:**

I denne posten inngår følgjande:

Tilskot Apotekene vest	6 194
Tilskot til influensasenteret i Bergen	2 222
Driftsavtalar private institusjonar	707 480
Opptrappingsmidlar private ideelle (innarbeidast i avtalane)	5 150
Driftstilskot private legar	156 000
Rusbehandling	273 282
Polikliniske takstar RUS	-6 300
Norsk Pasientskade Erstatning	22 196
Andre avtalar	16 449
Lab/røntgen	61 402
Luftambulansen	59 356
Gjestepasientoppgjør	40 151
Gjestepasientar - transport og opphold	2 068
<b>SUM</b>	<b>1 345 648</b>

### Tilskot Apoteka vest

Det er i 2004 etablert styringsdokument mellom Apoteka Vest og Helse Vest RHF. Budsjettposten er prisjustert med basis i tilskot frå 2004. Budsjettposten gjeld farmasøytisk rådgjeving i Hordaland. Avtalen vil bli vurdert lagt over til Helse Bergen frå og med 2005 med tilhørande budsjettmidlar.

### Tilskot til influensasenteret i Bergen

Tilskot til Influensasenteret i Bergen er vidareført med basis i same nivå som 2004 prisregulert.

### Driftsavtaler private institusjonar

Avtalane mellom dei private ideelle og Helse Vest har ei løpetid på 3 år og har gått ut pr. 31.12.2004. I den samanheng er det gjennomført avtaleforhandlingar med dei private ideelle for å få på plass ny avtale for ein 3 års periode. Det er i tillegg gjennomført forhandlingar knytt til bestilling 2005 samt inntektsramma for 2005.

Arbeidet er venta å vere ferdig i løpet av februar 2005. Ved budsjettering av dei private ideelle er det lagt til grunn same nivå som 2004 justert for lønns- og prisvekst. ISF graden er auka frå 40 til 60 % med ein tilsvarende reduksjon i basisramma. Forholdet rundt kodeforbetring vil bli drøfta nærmare for dei aktuelle institusjonane. Det er framleis ein usikkerheit knytt til handteringen av kapital, investeringar og vedlikehald i dei private institusjonane. Forholdet er drøfta i forhandlingane og innspela vil bli tatt med vidare i prosessen med å få etablert ei ordning for kapitalhandtering.

#### Driftstilskot private legespesialistar og kliniske psykologar

Helse Vest har inngått avtaler med ca. 300 privatpraktiserande legar og psykologar i regionen. Omfanget av avtalene vil for 2005 utgjøre om lag 156 mill. kroner.

#### Rus behandling

Pr. 1/1-2004 blei ansvaret for rusomsorg overført til spesialisthelsetenesta. I forhandlingane for driftsåret 2004 blei det lagt til grunn ei vidareføring av aktivitetsnivå tilsvarende det institusjonane hadde ved inngangen til 2004. Dette innebar eit høgare kostnadsnivå enn dei løyvingane som blei gitt i statsbudsjettet. Sjølv etter revidert nasjonalbudsjett 2004 er underfinansieringa om lag kr 12,4 mill i 2004. I budsjett 2005 er det lagt til grunn ei tilsvarende nivå på løyvinga. Dette inneber ei underfinansiering på kr 13,2 mill for å vidareføre om lag same aktivitetsnivå som i 2004.

Helse Vest har starta forhandlingane med rusinstitusjonane kor det er gjennomført eit første forhandlingsmøte og dette arbeidet forventast å vere sluttført innan utgangen av februar. Det blir lagt til grunn at resultatet av forhandlingane vil ligge innanfor ei budsjettramme på kr 273,3 mill.

I forbindelse med innføring av polikliniske takstar for ruspoliklinikkar er det gjort eit uttrekk i basisramma til Helse Vest på kr 6,3 mill. Helse Vest legg derfor til grunn det same uttrekket overfor dei aktuelle institusjonane i region vest. Ei eventuell underbudsjettering innan rusområdet vil måtte fangast opp av budsjettreserven.

#### NPE – Norsk Pasientskadeerstatning

Det er i basisramma frå staten innarbeida tilskot til NPE med kr 20,3 mill for 2005. Dei faktiske kostnadane er stipulert til 22,2 og ordninga er såleis underfinansiert med kr 1,9 mill. Det hefter ein usikkerheit til denne posten da størrelsen på beløpet vil være avhengig av utviklinga i skadestatistikken. Ein eventuell underbudsjettering må sjåast i samband med budsjettreserven.

#### Andre avtaler

Andre avtaler utgjer til saman 16,5 mill. kroner og dekker tilskot til diverse tiltak innanfor psykiatrien. Her under ligg bl.a. tilskot til Hetlandstunet med 9,8 mill. kroner, regionssenter BUP med 2,9 mill. kroner , PUT Bergensklinikken med 1,9 mill. kroner samt diverse mindre tiltak.

#### Lab/røntgen

I denne posten ligg det kjøp av lab/røntgen frå både offentlege og private aktørar. Det har gjennom 2004 blitt ein auka mengde metadonprøvar. I tillegg har det vore ein vekst i aktiviteten hjå private laboratorium og røntgen institutt. Det er i den samanheng

lagt inn ein auke i budsjettet for å fange opp denne veksten. Det er budsjettert med totalt kr 61,4 mill til lab/røntgen. Ei eventuell underbudsjettering av denne posten vil kunne fanges opp under eigen budsjettreserve.

#### Luftambulansen

Dei budsjetterte kostnadane til luftambulansen er fastsett med basis i kostnadsnivået for 2004 justert for lønns- og prisvekst. I denne posten ligg det og inne ein auka kostnad som følgje av nye reglar for arbeid og kviletid. Luftambulansen vil frå og med 2005 starte på eit utskiftingsprogram på sine helikopter. Dette vil gje Helse Vest ei ytterlegare auke av kostnadane på kr 8,9 mill frå og med 2005. Det samla tilskot til Luftambulansen for 2005 er budsjettert med kr 59,4 mill.

#### Gjestepasientoppgjer

Oppgjer for gjestepasientar mellom regionar og dei private innan området somatikk blir handtert av Helse Vest RHF. Ved fakturering av gjestepasientar mellom regionane vert det nytta 80 % av nasjonal DRG pris medan refusjonen frå staten er lågare (40 % i 2004). Helse Vest har ein netto eksport av pasientar og får såleis ein netto kostnad knytt til gjestepasientoppgjør. Ved ein omlegging frå 40 % til 60 % ISF grad vil denne kostnaden i 2005 bli redusert. I tabellen under er vist grunnlaget for budsjettering av netto gjestepasientoppgjer:

DRG inntekter Helse Vest sine pasienter behandla hos andre RHF/private	316 593
DRG inntekter utfakturert fra Helse Vest til andre RHF	106 744
<b>Sum inntekter</b>	<b>423 337</b>
Kostnader på pasientar frå Helse Vest behandla i andre regionar/private	363 820
Kurdøgn offelenlege og private	16 111
Kostnader Ebeltoft	3 500
<b>Sum kostnadar</b>	<b>383 430</b>
Brutto gjestepasientoppgjør	39 907
Fratrekk for inntekter på gjestepasientar ført i HF'a	-80 058
<b>Netto gjestepasientoppgjør</b>	<b>-40 151</b>

Det er tatt høgde for ein auka kostnad, men det er likevel ein usikkerheit knytt til størrelsen på kostnaden. Ei eventuell underbudsjettering må derfor sjåast opp mot budsjettreserven.

#### Gjestepasientar inkludert transport og opphold

I tillegg til sjølve gjestepasientoppgjøret som er omtalt ovanføre vil det kome kostnader til transport og opphold som er budsjettert med kr 2,1 mill. kroner.

#### **Tilskotsordningar**

I denne posten inngår følgjande (tall i 1000 kroner):

Regionsykehustilskot Bergen Legevakt	343
Tilskot brukarorganisasjonar	6 204
Ammesenter ved Rikshopitalet	207
UFD Studenthelsetjeneste	87
<b>Regionalt brukarutval</b>	<b>278</b>
<b>SUM</b>	<b>7 119</b>

### Regionsjukehustilskot Bergen Legevakt

Det er budsjettet med ein vidareføring av tidligare års tilskot til Bergen Legevakt. Tilskotet utgjer kr 0,343 mill som tilsvrar 2004 nivå prisjustert.

### Tilskot til brukarorganisasjonar

Det er totalt lagt inn kr 6,2 mill. som ei øvre ramme for tilskot til brukarorganisasjonar. Søknadsfristen for bruk av midlane går ut ved årsskiftet og det vil bli føretatt ein vurdering på kor mykje midlar som skal løvvast til dei einskilde brukarorganisasjon i løpet av januar 2005.

### Regionalt brukarutval

Budsjettete midlar til regionalt brukarutval er vidareført med kr 0,278 mill. Tilskotet skal dekke kostnadene til møte og reiser.

### **Ikkje fordelte midlar**

I denne posten inngår følgjande:

Tilskot til forskning, utdanning og nasjonale medisinske sentre	88 663
Sjuketransport - kjøp av tenester frå trygdeetaten	26 042
Kreftplan Høgskolen i Bergen	459
Kvalitetsregister (overført fra SH dir)	2 000
Tilskot til utdanning av stråleterapeuter	2 700
Utdanning av radiografer/genetisk veiledning	750
Pasientbru	8 048
Fylkeskommunale kostnadar	5 000
Etablering helsenett	7 300
Etablering av felles IKT	-
Implementering av BEK	6 000
Tilskot til opprenningsinstitusjoner	26 692
Tilskot til nasjonale kompetansesentere	4 136
Konserntillitsvalde	1 964
Overheng takstredusjon	24 000
Halvering takster poliklinikk - post 732.76 (HF)	92 000
Halvering takster poliklinikk - post 2711.76 (private)	20 000
Reserve for å fange opp usikkerheit (se spesifikasjon)	146 157
<b>SUM</b>	<b>461 911</b>

### Tilskot til forsking, utdanning og nasjonale medisinske kompetansesentra:

Tilskotet er vidareført på same nivå som 2004 justert for lønns- og prisvekst. I tillegg har Helse Vest styrka forsking med ytterlegare kr 10 mill. Tilskotet består av følgjande postar:

- Tilskot til forsking (basis og resultatbasert)	77,8
- Tilskot til utdanning	128,5
- Tilskot til nasjonale medisinske kompetansesentra	25,8
- Tilskot til forsking – styrking	10,0
<b>SUM</b>	<b>242,1</b>

Tilskot til forsking vil bli disponert av det regionale samarbeidsorgan. Det vert her stilt krav om at prosjekta må gjennomførast i tråd med dei føresetnadane som er gitt for dei einskilde løvvingar og midlane vil bli betalt fortløpande etter slutføring av prosjekta.

Midlane vert derfor halde tilbake i Helse Vest RHF i påvente av utbetaling ved slutføring av prosjekta.

Tilskot til utdanning og nasjonale medisinske kompetansesentra blir fordelt på same måte som i 2004 justert for løns- og prisvekst.

Den samla disponering av tilskot til forsking, utdanning og nasjonale medisinske kompetansesentra blir då som følgjer:

	2005 Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Haraldsplass	Bergen Legevakt	Ufordelt
Forskning basis	30 600						30600
Forskning resultatbasert	47 200						47200
Forskning - ekstra tildeling fra Helse Vest	10 000						10000
Sum forskning	87 800	0	0	0	0	0	87 800
Utdanning	128 500	10432	5220	89636	3952	18458	343 460
Nasjonale medisinske kompetansesentre	25 800		25 397				403
<b>SUM disponering av tildelinger</b>	<b>242 100</b>	<b>10 432</b>	<b>5 220</b>	<b>115 033</b>	<b>3 952</b>	<b>18 458</b>	<b>343 88 663</b>

Budsjettmidlane som ligg igjen i RHF budsjettet utgjer kr 87,8 mill til forsking, kr 0,460 mill til utdanning og kr 0,338 mill til nasjonale medisinske kompetansesentra. Samla ufordelte midlar på denne posten er kr 88,7 mill.

#### Sjukettransport – kjøp av tenester fra trygdeetaten

Det er halde tilbake midlar på kr. 26,042 mill for å dekke kostnadene til kjøp av tenester fra trygdeetaten. Kostnadene tilsvarer same nivå som i 2004 justert for prisvekst.

#### Kreftplan:

Tiltak i den nasjonale kreftplan blei i 2004 innarbeida i basisramma til dei regionale helseføretak og vidareført på same nivå. I tillegg har Helse Vest gitt ekstra tilskot i 2004 til kompetansesenter i lindrande behandling med kr 0,7 mill. Det blei også inngått avtale om tilskot til vidareutdanning i mammografi ved Høgskolen i Bergen for studieåret 2004/2005. Det er i budsjettet halde tilbake kr 0,459 mill til vidareutdanning. Samla tilskot til vidareføring av den nasjonale kreftplan er på kr 38,9 mill og fordeler seg slik tabellen under viser:

	TOTAL	Regionale Kompetansesentre			
		Arvelig kreft	Lindrende behandling	Genterapi	Mammografi
Helse Stavanger	6 910				6 910
Helse Fonna	1 056				1 056
Helse Bergen	27 979	7270	3236	8339	9 133
Helse Førde	2 507				2 507
Høgskolen i Bergen	459				459
<b>SUM tildeling</b>	<b>38 911</b>	<b>7 270</b>	<b>3 236</b>	<b>8 339</b>	<b>20 065</b>

Midlane til helseføretaka er innarbeid i basisramma.

#### Tilskot til utdanning av stråleterapeutar

Det er sett av kr 2,1 mill i basisramma for å sikre rekrutteringa av stråleterapeutar eller anna aktuelt personell innan kreftbehandling. Det er i tillegg overført kr 0,6 mill frå post 79 Kreftbehandling i statsbudsjettet til basisramma til Helse Vest. Samla midlar til utdanning av stråleterapeutar og anna aktuelt personell innan kreftbehandling er kr 2,7 mill for 2005.

#### Pasientbru:

Frå og med 1/1-2004 blei ansvaret for betaling av behandling i utlandet for pasientar som ikkje får eit tilbod i Noreg lagt til RHF'a. Det vart sett av kr 4,9 mill. kroner i basisramma for å dekke desse kostnadane. Tilskotet er vidareført med løns- og prisjustering for 2005. Utviklinga i 2004 viser at kostnaden ved behandling i utlandet er høgare enn dei midlane Helse Vest får i basisramma. Med basis i denne utviklinga er kostnaden i budsjettet auka med kr 3 mill ut over prisjusteringa og er då samla på kr 8,048 mill.

#### Fylkeskommunale kostnader

Det har i åra etter reformstart blitt ein del usikkerheit knytt til kostnader som tidlegare vart dekka av fylkeskommunane. Kjende kostnader er fordelt gjennom ramma til dei aktuelle helseføretak og usikkerheita er no vesentleg redusert. For å fange opp eventuelle nye problemstillingar knytt til overtaking av ansvaret for rusomsorga blir det halde tilbake kr 5 mill som ein samla buffer for å dekke kostnader som tidlegare vart dekte av fylkeskommunane.

#### Etablering av felles IKT

Frå og med 1/1-2005 vil ny IKT eining Helse Vest IKT AS budsjettmessig bli lagt ut som eigen eining. IKT eininga har lagt fram ein budsjett med ei underdekning på kr 2,7 mill. Helse Vest legg til grunn at eininga styrer mot eit budsjett i balanse.

#### Implementering av Basisenhetskodeverk (BEK)

Sosial- og Helsedirektoratet har satt i gang eit prosjekt med å etablere eit felles basisenhetskodeverk. Dette er eit nytt kodeverk som skal erstatte dagens avdelingskodeverk. BEK skal gi eintydig identifikasjon av den enkelte produksjonseining ved rapportering av statistisk og økonomisk oppfølging i helsevesenet. Kodeverket er under uttesting. Det er gjort foreløpige kostnadsberekingar og med basis i desse er det førebels halde av kr 6 mill for eventuell implementering av BEK.

#### Tilskot til opprenningsinstitusjonar

Det er i statsbudsjettet gjennomført ei opptrapping av finansieringsansvaret for dei regionale helseføretak knytt til opprenningsinstitusjonane. Det var i forslag til statsbudsjett foreslått ei opptrapping av finansieringa til kr 39,4 mill for 2005. I bestillardokumentet er løyvinga fastsett til kr 24,192 mill. Beløpet fordeler seg på følgjande opprenningsinstitusjonar:

- Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter	7,765
- Ravneberghaugen Opprenningsinstitusjon	4,057
- Hagahaugen Opprenningssenter	4,278
- Sjømennenes Helseheim – Vestlandet	8,092
Sum	<u>24,192</u>

#### Tilskot til nasjonale kompetansesentera

Det blei i 2004 sett av kr 4 mill til finansiering av regionale kompetansesentra som tidlegare ikkje hadde ei fast ordning med Helse Vest. Desse midlane blei fordelt på følgjande kompetansesenter:

- Nasjonalt kompetansesenter for funksjonell magnetiske

- Nasjonalt kompetansesenter for leddprotesar
- Nasjonalt kompetansesenter for søvnsjukdomar
- Nasjonalt kompetansesenter for bevegelsesforstyrningar
- Vestibulære sjukdommar
- Gastroenterologisk ultrasonografi

Det er halde tilbake kr 4,1 mill til vidareføring av aktiviteten i 2005.

#### Konsertillitsvalde

Det er halde tilbake kr 2 mill til å dekke kostnadene knytt til ordninga med konsertillitsvalde. Budsjettposten skal dekke kostnader til løn, reiser, møte og kontorkostnader knytt til ordninga.

#### Overheng takstredusjon

I forbindelse med etterslepet frå takstredusjon for refusjonstakstar innan somatisk pasientbehandling og psykisk helsevern frå 1. januar 2004 er basisramme til Helse Vest auka med kr 24 mill i 2005. Helse Vest vil kartlegge konsekvensane for dei aktuelle føretaka. Midlane vil deretter bli fordelt så snart det er mulig i ei eiga ekspedisjon.

#### Halvering takstar poliklinikk – post 732.76 (HF)

I forbindelse med omlegging av finansiering av offentleg poliklinisk laboratorie- og radiologisk verksemd er basisramma til Helse Vest auka med kr 92 mill i 2005. Omlegginga vart først vedtatt gjennomført pr. 1. mai, men er no utsett til 1. september. Det er derfor uklart om dette vil ha nokon konsekvens for dei midlane som er tildelt og Helse Vest vil derfor måtte komme tilbake til fordelinga av midlane i forbindelse med revidert budsjett.

#### Halvering takstar poliklinikk – post 2711.76 (private)

I samband med omlegging av finansiering av private laboratorie- og røntgenverksemd er det lagt inn kr 20 mill i basisramma for 2005. Det er også her vedtatt å utsette gjennomføringa til 1. september og Helse Vest vil måtte komme tilbake til fordelinga av midlane i samband med revidert budsjett.

#### Reserve for å fange opp generell usikkerheit

For å handtere usikkerheita i budsjetttopplegget er det lagt inn ein reserve på 146,2 mill. kroner. Usikkerheita er hovudsakeleg knytt til følgjande budsjettposter:

- Omrekning av ISF frå 40 til 60 %
- Norsk Pasientskadeerstatning
- Lab/røntgen
- Gjestepasientoppgjør
- Handtering av omlegging takstredusjon poliklinikk
- Avtaler med private aktørar
- Investeringar innan psykiatri
- Sjuketransport

**Helse Vest morselskap (administrasjon)**

Det er i budsjettforslaget lagt til grunn ein total ramme på 62,2 mill. kroner til dekning av personalkostander, konsulenttenester og andre driftskostnader for Helse Vest sin administrasjon. I tillegg er det sett av 3 mill. til å dekke avskrivningar slik at dei samla kostnadane blir kr 65,2 mill.

Det blir vist til sak 06/05 B Budsjett for Helse Vest RHF 2005.

**Forslag til vedtak:**

1. Fordeling av inntektsramme 2005 på helseføretaka blir vedtatt. Detaljert bestilling blir lagt i bestillardokument 2005 for dei enkelte helseføretaka.
2. Administrerande direktør får fullmakt til å foreta endringar og eventuelle korrigeringar innanfor den samla ramme. Administrerande direktør får og fullmakt til å fordela på helseføretaka og private ideelle, budsjettpostar som står med samlebeløp i Helse Vest RHF.